

## **Fysisk aktivitet, fysisk form og risikofaktorar for hjarte- og karsjukdom hjå personar til livsstilsbehandling for sjukleg overvekt ved Hauglandssenteret**

PhD-prosjekt Eivind Aadland, Høgskulen i Sogn og Fjordane

### **Samarbeidspartar:**

Prosjektet er eit samarbeid mellom Høgskulen i Sogn og Fjordane, Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter (Helse Vest), Helse Førde v/Villy Våge, Norges Idrettshøgskole og University of Oulu and Biocenter Oulu (Computational Medicine Research Group v/ Mika Ala-Korpela).

### **Prosjektomtale:**

Prosjektet skal undersøkje korleis livsstilsbehandlinga for sjukleg overvektige personar til behandling ved Hauglandssenteret påverkar fysisk aktivitetsnivå, fysisk form, kroppsvekt- og samansetnad og risikofaktorar for hjarte- og karsjukdom. Målet er å undersøkje samanhengar mellom fysisk aktivitet og andre effektmål med utgangspunkt i objektivt målt fysisk aktivitet (med bruk av aktivitetsmålar), for såleis å ha høve til å finne meir presise samanhengar enn tidlegare studier. Risikofaktorar for hjarte- og karsjukdom vert analysert i Finland ved hjelp av metodar som kan undersøkje mange ulike metabolittar i multivariate analysar. Dette vil gi god innsikt i effekten av livsstilsbehandling for denne gruppa, som er omdiskutert.

### **Status:**

Arbeidet med prosjektet starta i oktober 2009. Prosjektet vart godkjent av REK februar 2010 og datainnsamling starta same månad. Datainnsamlinga skal etter planen vere ferdig tidleg i 2012. Dataanalysar og publisering vil kunne starte 2010/2011.